



Meland kommune

Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 09.05.2019
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14:00

Danielsen ungdomsskule:

Meland ungdomsskule:

Marcus Skjelvik, Bjørn Ian Sagstad, Ling Michelle Aadahl

Rosslund ungdomsskule:

Bettina Tvedt, Ebbe Iø

Bergen private gymnas:

Susanne Sørli Slettebakken, Daniella Fennelly

Metis:

Ikkje møtt:

Hedda Elise Winter, Nataniel Andersen, Simon Eilertsen, Ole Monrad Eikeland

Desse møtte frå administrasjonen: Eirik Utne

Sakliste

Saknr	Tittel
18/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
19/2019	Godkjenning av møtebok
20/2019	Referatsaker
21/2019	Aktuelle saker
22/2019	Reglement for ungdomsrådet i Alver kommune
23/2019	Kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019 - Uttale

18/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

UR - 18/2019 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent

19/2019: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok vert godkjent."

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

UR - 19/2019 VEDTAK:

Møtebok vert godkjent

20/2019: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

UR - 20/2019 VEDTAK:

21/2019: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

UR - 21/2019 VEDTAK:

22/2019: Reglement for ungdomsrådet i Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg:

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

Susanne Slettebakken les gjennom forslaget "Reglement for ungdomsrådet" og "Matrise for godtgjersle til folkevalde- Alver kommune". Representantane diskuterer og har avstemning på kva dei skal gje i tilbakemelding.

UR - 22/2019 VEDTAK:

Kommentar til Reglement for ungdomsrådet i Alver

I Meland Ungdomsråd sitt møte 9. mai 2019 kom me fram til dette:

Rådet skal ha 14 medlemmer med varamedlemmer
Radøy ungdomsskole – 2 medlem + 2 varamedlem
Meland ungdomsskole – 1 medlem + 1 varamedlem
Rosslund ungdomsskole - 1 medlem + 1 varamedlem
Danielsen ungdomsskole - 1 medlem + 1 varamedlem
Knarvik ungdomsskole - 1 medlem + 1 varamedlem
Lindås ungdomsskole - 1 medlem + 1 varamedlem
Ostereidet ungdomsskole - 1 medlem + 1 varamedlem
Nordhordland kristne grunnskule – 1 medlem + 1 varamedlem
Vidaregåande skule – 5 medlemmer + 5 varamedlem

Me ønskjer ikkje å inkludera lag og organisasjonar som ei eiga kjelde til medlemmer. Dette er ikkje ønska fordi det gir ein ekstra sjanse til organisert ungdom til å få ein plass i rådet, som uorganisert ungdom ikkje får. Organisert ungdom bør stille på lik linje med alle andre ungdommar i kommunen. Det er også vanskelig å sjå korleis man skal gjennomføre det i praksis.

Me ønskjer også å legge til eit punkt på arbeids- og ansvarsområde som seier at ungdomsrådet skal ha god kommunikasjon mellom ungdomsrådet og elevråda rundt om i kommunen, for eit godt samarbeid og delt kunnskap om det som skjer i kommunen som omhandlar ungdom.

Vi vil understreke at dei vidaregåande elevane skal veljast inn ut ifrå at dei bur i Alver kommune, ikkje ut ifrå kva vidaregåande skule dei går på.

Me seier oss einige i matrisen for godtgjersle til folkevalde, ettersom det er tidskrevande å sitje i eit ungdomsråd, og me meiner det vil vere ei god lønning for arbeidet dei engasjerte ungdomane gjer og det dei ofrar for å vere med.

23/2019: Kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019 - Uttale

Rådmannen sitt framlegg:

09.05.2019 UNGDOMSRÅDET

Eirik Utne kjem å orienterer om sak.

UR - 23/2019 VEDTAK:

Ungdomsrådet er einig i fordeling av kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg 2019.
